



## Joleheftet 2017 frå Askrova og Tansøy!

➤ Da står ikkje noko i bibelen om tre vise menn, berre om tre gåver, (ikkje skyt redaktørane, det er google.no som seier dette). Gåvene vart gjeve i forbindelse med jol, men ikkje før 6.januar. Vise damer og vise menn i Askrova Bygdelag kjeme til å strekke det litt lenger med gåvegjevinga, og igjen skal vi ha premiefest, denne festen blir for ny og oppgradert nettside. Dette blir i februar 2018, meir informasjon vil komme. Dette blir då gåven frå Askrova Bygdelag til alle dykk der ute!

➤ Et gilde, norrønt gjald, betyr «betaling» men også «sammenskudd». Det var i middelalderen en forening eller sammenslutning av likestilte medlemmer som gikk sammen for å fremme felles interesser. Et gilde kunne ha både religiøse, selskapelige, økonomiske, faglige, sosiale eller politiske formål. De kunne bestå av bønder, håndverkere eller kjøpmenn. Det opprinnelige formålet med sammenslutningen i gildene var, ved siden av de religiøse og selskapelige, at medlemmene skulle yte hverandre gjensidig rettsbeskyttelse. Gildet stammer trolig fra senest 1000-tallet i Norge, og var en viktig institusjon i lokalsamfunnet. Gildene var lukkede fellesskap som krevde edsavleggelse av nye medlemmer. Både menn og kvinner kunne bli medlemmer. Gildene hadde sine egne vernehelgener og arrangerte fester for å dyrke disse. Trolig var det gilder i hver eneste bygd i Norge og flere i byene.



- Det historiske år 2017! Gjennom 2015-2016 har Askrova Bygdelag, saman med H.S Produksjon laget en film om livet på Askrova og Tansøy. En film det var premiefest for i februar 2017. Vi hadde sponsorer, presse og statistar til stades, det filmteamet, produksjonen og filmen ble presentert. Det hele ble avslutta med kaldtbord og dans i grendahuset. Denne festen var også ein gåve til dugnadsarbeidet som var lagt ned i 2016. Filmen finn dykk på Youtube og Vimeo under «Askrova, den grønne smaragd». Vi ønskjer å takke sponsorrane våre for og ha tru på det vi gjere her ute! **Skaar Norway, Flora Skyssbåt, Progresso, Aqua Supply, Wikholm Anleggsgartnar, Firdaposten, Nærbutikken Tansøy og Ivest Consult.**
- Eit nytt og spennande prosjekt, Barnas Integreringsdag blei gjennomført i Påska. Det var kuling, regn og sludd, men kven bryr seg om det? Over 50 frammøtte kom for å møte påskeharen som kom med påske godt, det var grilling og mykje kjekke ting for barn og vaksne. Vi har fokus på integrering og innkludering i Askrova Bygdelag, dette kjeme godt fram i arrangementet. Vi hadde barn og vaksne frå 4 forskjellige land saman med oss denne dagen, der barna var i fokus. Eit prosjekt som ga meirsmak, og det blir jobba vidare med integrering og innkluderings prosjekt i Askrova Bygdelag. Kan det kallast eit Gilde?
- I Juni ble det arrangert sommerglede på Askrova saman med NOSFO. Gode snille Askrovainga og Tansøyværinga hadde lagt godt til rette for 50 personer fra forskjellige land skulle komme på besøk ein laurdagsmorgon. Aktivitetane var båttur med fisking, fjelltur, kajakk, fotball, teinetrekking og volleyball. Ungane leita i fjøra etter krabber, og hadde alt dei kunne finne opp i store baljer, som var spennande for alle aldersgrupper. På NOSFO si facebookside står det at nokre av deira målsettingar er å etablere sosiale nettverk, hindre utanforskap og skape trivsel i nærmiljøet. Askrova Bygdelag har over ein lengre periode også jobba for å skape sosiale arenaer der alle kan føle seg velkommen og inkludert. Vi er derfor veldig glade for vårt samarbeidd med NOSFO, både med gjennomføring av dette arrangementet og ved barnas dag. Vi såg også at nokre av dei som hadde våre her på barnas dag, valte og komme att. Dette meinar vi er veldig kjekt. På nytt er vi saman om eit gilde 😊





- Vestlandets store derby for mange, er jo sjølvsagt Øyacupen. Denne blei i tradisjon tru sparka i gong første helga i juli, med strålende sol, topp stemning og mykje god sambafotball. I år var det 10 lag påmeldte og den tradisjonelle øyacupen, det vennskap og hygge står i fokus. Same som 2016 klarte Æsøya og karre seg til finalen så denne gang trekte dei det lengste strået. «Det er alder, erfaring og kunnskap som vinn, ikkje kondisjon og uthaldenheit» seie Bjarte Seim og Knut-Ove Æsøy når dei heva pokalen høgt over hovudet på grusen.

- *Egentlig var årets Fiskekonkurransse avslust, men stort press frå turister og fastbuande valte en gruppe turister å gjennomføre Fiskekonkurransen i juli. Igjen var været uransakelig og høge forventingar blei skylt vekk i regn og vind. Deltagar-lista blei deretter, med berre 10 påmeldte båtar. Det skapar mykje glede og med god meistringføling for vaksne og born, dette er tydelig og sjå att hjå Victoria og Martine.*



- Ein ny Askroving kom til verden i Oktober, der stolte foreldre er Simon Hovland og Kjersti Olsaker. Sigve kommer til å vokse opp i gode levekår, der gårdsdrift og samfunnsutvikling står i høgsetet.
- Turløypa er òg i år flittig besøkt, det ryktes at antall besøkande ligger på noko det same som rekordåret 2016. Det blir, som tradisjonen tro, trekning av tre vinnarar på Kroa, laurdag 23. desember ca. kl 1500. Sidan Joleheftet allereie var gått i trykken, annonseras vinnerane på Askrova.no. Som alltid stiller Askrova

bygdelaag med 3 gaver til dei 3 heldige vinnerane, slik som bibelen seie.

- Lise-Janne Hovden og Silje Sæther har komponert årets Askrova-kalender (2018), som er å få kjøpt på butikken i desse dagar. Kalenderen består av bilete som er sendt inn av turistar og fastbuande på Askrova/Tansøy, og som tidlegare er dette eit flott stykke arbeid. Alle som har sendt inn bileter som kom med i kalenderen, har fått kvar sin kalender som takk for bidraget.
- Sommaren 2016 blei da vedtatt bygging av klatrevegg i grendehuset. Men en eineståande pågangsmot og kunnskap frå klatregruppa sto denne ferdig til filmpremierfesten. Gode og trufaste sponsorer er som alltid med, der **Wikholm Anleggsgartner** og **Byggtorget Florø** sponsert over halve klatreveggen pluss støtte med 24.000,- frå Gjensidigestiftinga. Det er klatreseler, tau, hjelm og anna utstyr ein treng for klatring, kontakt eit medlem i bygdelaaget eller butikken for nøkkel. Takk til prosjektgruppa og prosjektleiar Trond Fjellestad for godt arbeid.
- Fiberutbygginga er starta, der prosjektering er godt i gong. Det er planlagt og starte med å leggje sjøkabel frå Florø til Skorpa og nordover januar 2018. Vi kom sist i rekka, men det er likevel planlagt ferdigstilt november 2018, inkludert oss. Fibernettet/kabel blir lagt i eksisterande stolper til SFE.



**Tusen takk for all innsats, dugnad, positiv respons og oppslutning rundt våre aktiviteter!**

*Jula er tida for ettertanke, glede og kjærleik. Ta vare på familie og vennar i både høgtider og gjennom heile året ☺*

*Jule- og nyttårshelsing frå*

*– redaktørane –*

